

PARTNARSKAPSAVTALE

Utvikling av Regionalt Næringshage og Inkubatortilbod

mellom

Stryn Næringshage AS
Org.nr. 984 662 335,

Nordfjordeid Næringshage AS
Org.nr. 982 743 397,

Sognefjorden Næringshage AS
Org.nr. 991 996 443

og

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS
Org.nr 983 562 973

INNHOLD

1	Bakgrunn	3
2	Mål for avtalen	3
3	Roller og definisjonar	4
4	Felles mål og strategiplan for programmet.....	5
5	Økonomi og ressursar	6
6	Organisering	8
7	Måling og styring.....	9
8	Vilkår for avtalen og gjennomføring av avtalen	9
9	Avtaleperiode	10
10	Anna	10
11	Fortrilegheit og konfidensialitet.....	11
12	Lovvalg og tvisteløysing	11

A photograph of three handwritten signatures in blue ink. The first signature is a stylized 'KjO'. The second signature is a stylized 'VH'. The third signature is a stylized 'JW'.

1 BAKGRUNN

Næringshagane som er tilknytt SIVA sitt «Næringshageprogram» og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane har i 2017-2018 gjennomført eit «Innovasjon strukturprosjekt» der ein har sett på korleis ein kan styrke innovasjonsmiljøet i Sogn og Fjordane og yte betre tenester til næringslivet. I prosjektet har næringshagane peika på at ein ynskjer å gå frå 3 til 1 programoperatørskap for «Næringshageprogrammet» (Programmet) i Sogn og Fjordane og at Kunnskapsparken tek rolla som Programkoordinator på vegne av partnarskapen.

Aktørane ser at ein ved å stå saman kan yte betre tenester til næringslivet gjennom større bredde i kompetanse, nettverk og verkemiddel. Eit av verkemidla er KPSF sin «Inkubator» som er del av SIVA sitt «Inkubatorprogram» som vil bli tilgjengeleg i heile systemet, og at ein vil opne opp eit større nettverk mot FoU- og kapitalmiljø. Dette trur ein vil vere med å styrke måloppnåinga for dei ulike aktørane, og gjere partnarane mindre sårbare.

Denne avtalen inneholder retningslinjer for partnarskapen der ein går til 1 felles programoperatør for næringshageprogrammet i Sogn og Fjordane, og korleis dette blir gjennomført ihht gitte retningslinjer fra SIVA.

2 MÅL FOR AVTALEN

Visjon:

Ein effektiv innovasjonsstruktur for morgondagens næringsliv

Hovudmål:

Betre tenester som bidreg til auka nyskaping, vekst og verdiskaping

Etablere eit langsiktig samarbeid basert på målsetjingane i næringshageprogrammet til SIVA, med tidshorisont ut over eksisterande programperiode føresett tilfredsstillande finansiering av aktiviteten.

Partnarskapen har ambisjon om å ta ei sentral rolle i den framtidige innovasjonsstrukturen i region Vestland.

Hovudmålet for avtalen er at ein i fellesskap i partnarskapen skal kunne utnytte dei ressursane og verkemidla ein til ei kvar tid rår over til å yte betre tenester til næringslivet og bidra til auka nyskaping, vekst og verdiskaping i bedriftene.



Delmål:

- ▶ **Saman blir vi sterkare** - bygge eit sterke innovasjonsmiljø med større bredde i kompetanse og verkemiddel:
- ▶ **Tydeligare og betre tenester** - som gjer at ein styrkar det lokale næringslivet med relevante tenester:
- ▶ **Godt samspel** - som sikrar at bedriftene forstår dei ulike aktørane si rolle og kva ein kan bidra med.

3 ROLLER OG DEFINISJONAR

Avtalen definerer ulike roller og omgrep som er viktig å tydeleggjere i arbeidet med gjennomføring av avtalen.

3.1 Definisjonar

Næringshageprogram (Programmet): SIVA nettside - «*har som hovedmål å bidra til økt verdiskaping, vekst og utvikling av norsk næringsliv, fortrinnsvis i distriktene.*

Næringshageprogrammet skal i tillegg være et virkemiddel for fylkeskommunen og bidra til at fylkeskommunens rolle som regional utviklingsaktør styrkes».

Inkubatorprogram: SIVA nettside - «*skal utvikle fremtidens næringsliv gjennom å identifisere, videreutvikle og kommersialisere gode ideer til nye bedrifter, og gi ny vekst i etablert næringsliv. Hovedmålet er økt nasjonal verdiskaping».*

Regional operatør (programselskap): Eit innovasjonsselskap som mottek tilskot frå SIVA gjennom programdeltaking.

Partnarskapen er i fellesskap regional programoperatør (programselskap), men operatøransvar blir styrt gjennom felles programkoordinator. Programkoordinatoren er Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.

Partnar: Eit innovasjonsselskap som gjennom denne avtalen mottek tilskot for å utføre oppgåver i tråd med programmet i eit avtalt område og omfang. Programkoordinator er også definert som ein partnar.

Partnarskapen: Alle aktørane som har partnarskapsavtale, inkludert programkoordinator.

Målbedrift: Ei bedrift som driv næringsverksemد og har mål om utvikling og vekst. Bedriften blir tilknytt Partnaren gjennom ein målbedriftsavtale og ein utviklingsplan. Målbedriften kan ta imot innovasjonsstøtte frå Partnaren i form av rabatterte utviklingstenester .

Styringsgruppe: Det skal etablerast ei styringsgruppe som består av styreleiarane i innovasjonsselskapen i partnarskapen. Siva og Fylkeskommunen har observatørstatus i styringsgruppa. Styringsgruppa skal kvart år godkjenne mål, strategiar og budsjett for



partnerane og partnarskapen, og for programmet før rapportering til SIVA 1. desember. Styringsgruppa er vedtaksorgan på bruk av fleksible fellesmidlar knytt til Programmet.

3.2 Programkoordinator

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane vil gjennom avtalen ha koordinerings- og operatøransvaret som felles programkoordinator, og få tildelingsbrev fra SIVA for heile Programmet i Sogn og Fjordane. Oppgåvene som ligg til denne rolla er:

- ▶ Iwareta felles prosjektleiing og administrasjon av Programmet
- ▶ Mottek og koordinerer programtilskot og fellesmidlar på vegne av Partnarskapen
- ▶ Legge til rette for aktivitet og organisering som er angitt i denne avtalen
- ▶ Gi Partnar tilgang til relevant informasjon/kompetanse
- ▶ Vere ansvarleg for felles prosjektleiing og prosessutvikling
- ▶ Kommunisere internt og eksternt felles prosess og resultat
- ▶ Rapportere eigen og Partnaranes drift/målloppnåing til SIVA
- ▶ Delta på nasjonale og regionale møter i tilknyting til Programmet
- ▶ Arbeide for auka aktivitet og finansiering til fellesaktivitetar
- ▶ Kunnskapsparken skal setje av eigen dedikert ressurs til dette arbeidet, i forståelse med partnarskapen

Kunnskapsparken vil gjennom avtalen stille inkubatorprogrammet tilgjengeleg for Partnarane, og utvikle dette saman med Partnarane ut mot det lokale næringslivet.

3.3 Partnaransvar

Partnarane vil gjennom avtalen ha eit partnaransvar. Oppgåvene som ligg til denne rolla er:

- ▶ Bidra aktivt i utforming av felles mål, strategiar og handlingsplanar
- ▶ Etablere og arbeide aktivt for å nå individuelle og felles mål og strategiar
- ▶ Sørge for at målbedriftene får leveransen iht standard målbedriftsavtale
- ▶ Rapportere ein gong pr månad til Programkoordinator etter avtalte parameter (Vedlegg 1)
- ▶ Delta aktivt på aktivitet og organisering som er angitt i denne avtalen
- ▶ Bidra til auka idéfangst for Partnarskapen
- ▶ Bidra til vidareutvikling av verktøy og metodar knytt til Programmet
- ▶ Delta på nasjonale og regionale møter i tilknyting til Programmet
- ▶ Arbeide for auka aktivitet og finansiering til fellesaktivitetar

4 FELLES MÅL OG STRATEGIPLAN FOR PROGRAMMET

Partnarane forpliktar seg gjennom denne avtalen å bidra til å utvikle felles mål og strategiplan for Programmet i Sogn og Fjordane.



Partnarane forpliktar seg til individuelt for sin aktivitet å utvikle lokale mål og strategiar som skal støtte opp under felles mål og strategiar.

Programkoordinator har ansvar for å sette i gang, involvere og leie prosess med utarbeiding av mål og strategiar. Partnarane har ansvar for å bidra aktivt i prosessen og sikre forankring i eige styre.

Mål, strategiar og handlingsplan skal presenterast og godkjennast i styra til dei respektive Partnarane og skal endeleg godkjennast i Styringsgruppa. Dette skal danne grunnlag for målskjema for Programoperatørskapet som skal sendast inn til SIVA for det kommande året. Det skal lagast eit målskjema for kvar av Partnarane som dei vil bli følgd opp på gjennom året. Innan utgangen av desember skal felles handlingsplan for det kommande året presenterast blant alle Partnarane.

Partnarane forpliktar seg til å arbeide i samsvar med vedtekne strategi og handlingsplanar for Programmet. Dersom Partnaren ser at dette ikkje er hensiktsmessig skal ein varsle Styringsgruppa for å avklare endringar i strategi og tiltak for å kunne arbeide vidare mot felles mål.

Dersom Partnaren ser at ein ikkje klarar å nå sine målsetningar skal ein varsle programkoordinator og/eller Styringsgruppa så tidleg som mogleg slik at ein i fellesskap kan gjere tiltak for å rette opp i dette.

Dersom Partnaren ser at ein kan overgå sine målsetningar ved høve til auka ressursbruk skal ein varsle programkoordinator og/eller Styringsgruppa så tidleg som mogleg for å vurdere om ein i fellesskap kan gjere tiltak og «søke» om fellesmidlar.

Dersom Partnaren ikkje arbeider etter avtalte strategiar og mål, og ein ikkje er villig til å gjere endringar i tråd med dette kan programkoordinator, i saman med partnarskapen vurdere om det er eit brot på avtalen. Dersom ein vurderer det som brot på avtalen skal Partnaren varslast og det skal gjennomførast drøftingar mellom Programkoordinator , Styringsgruppa og Partnar. Dersom slike drøftingar ikkje fører fram og avtalebrotet held fram har Styringsgruppa rett til å sei opp avtalen.

5 ØKONOMI OG RESSURSAR

Partnarskapen er i fellesskap regional programoperatør, men operatøransvar i ny modell blir styrt gjennom felles programkoordinator som er Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. Kunnskapsparken Sogn og Fjordane tek over programkoordinatoransvaret så snart fellesfinansiering/utvida grunnfinansiering er på plass. Basisfinansiering for resterande periode av næringshageprogrammet for den enkelte deltakar framkjem av tilsegnsbrev frå SIVA september 2018.



Tildelingsbrev frå SIVA vil følgje standard struktur som for andre Programoperatørar. Partnarane må forholda seg til dei føringane og retningslinjene som er gitt på bruk av midlane frå SIVA, og skal få oversendt desse retningslinjene kvart år. Partnarane forpliktar seg til å følgje dei system og rapporteringspunkt som Programkoordinator legg opp til som er nødvendige for å tilfredsstille SIVA sine rapporteringskrav.

Avtalen føreset at ein får utvida grunnfinansiering. Utvida grunnfinansiering må kunne dekke:

- ▶ Koordineringsaktivitetar - review/oppfølgingsmøter, informasjon/idefangstmøter, ekstra rapportering/kvalitetssikring, koordinering/leiing/kommunikasjon, styrerrepresentasjon, arbeid med felles mål og strategiar. Dette vil vere aktivitetar både på koordinator og den enkelte partnar
- ▶ Felles aktivitetar - utvikling av felles prosessar og verktøy, utvikling av fag/tenester, felles profilering, samlingar/studieturar, osv. Gjeld alle aktørane i Partnarskapen
- ▶ Bedrifts-retta midlar - søkegode fellesmidlar som skal nyttast til innovasjonsstøtte for målbedrifter jamfør artikkel 28 i næringshageprogrammet. Storleiken på denne skal avgjerast i Styringsgruppa ved godkjenning av mål og strategiar for neste år. Førespurnad om «fleksible fellesmidlar» til bedrifts-retta tiltak kan skje laupande og bli vurdert i statusmøter i Partnarskapen.

Tidlege vurderingar ligg på ca. 40-40-20 prosent fordeling på dei 3 områda.

Grunnleggande føresetnader i avtalen:

- ▶ Det skal lagast budsjett på bruk av utvida grunnfinansiering som del av mål og handlingsplan prosess for neste år. Midlane blir styrt av partnarskapen gjennom Programkoordinator.
- ▶ Partnarane fakturerer til Programkoordinator etter brukt tid på avtalte aktivitetar for koordinering og fellesaktivitetar.
- ▶ Partnarane får overført nye fellesmidlar til bedrifts-retta tiltak etter «godkjent» søknad
- ▶ Utan utvida grunnfinansiering vil koordinator oppgåver og felles aktivitetar bli redusert til eit minimum, og Programkoordinator kan ikkje pålegge Partnarane kostnader til slike aktivitetar dersom ein ikkje er einige (konsensus).
- ▶ Det vil ikkje bli sett i gang aktivitetar som ikkje er finansiert og som fleirtalet av Partnarskapen ikkje ynskjer.

Partnarskapen skal:

- ▶ Føre eige prosjektregnskap for aktiviteten i Programmet
- ▶ Sørge for eigenfakturering til eigne målbedrifter og lokal aktivitet
- ▶ Rapportere på økonomi og bruk av midlar til Programkoordinator 1 gong pr kvartal i samsvar med retningslinjer frå SIVA
- ▶ Utarbeide budsjett for Programmet i forbindelse med mål og strategiprosess



- ▶ Dele kostnader i samband med fellesaktivitetar eller felles investeringar som Partane er einige om er nødvendige (konsensus)
- ▶ I fellesskap søke midlar til utvida grunnfinansiering (tilleggsmidlar) for å ivareta utvikling/vekst i miljøet og handtering av koordineringsoppgåver. Dette framkjem av modell som er vedlagt avtalen (vedlegg 1).
- ▶ I fellesskap søke midlar til ekstra finansiering av strategiske satsingar

Partnarane sin andel av midlar frå SIVA for programtilskot skal utan ugrunna opphold blir videreført til Partnar. Felles midlar vert att i felles pott, koordinert av Kunnskapsparken. Økonomisk flyt er godkjent av SIVA og kjem ikkje i konflikt med ESA-regelverk.

Felles prosjekt vil bli fakturert etter avtale mellom Partnarane.

6 ORGANISERING

- 6.1 Aktiviteten innanfor Partnarskapen skal organiserast slik at det støttar opp under måla i punkt 2. Programkoordinator er ansvarleg for å sikre at slik organisering og struktur blir etablert, Partnaren har ansvar og plikt til å delta på aktivitar som blir lagt opp i strukturen.

Styrerolle:

Programkoordinator kan, etter avtale med SIVA, overta SIVA si rolle i styrer der SIVA er representert. Dette for å kunne vere tett på dei andre eigarane/styremedlemmene og bidra i utviklinga av Partnaren. Val av ressurs til ei slik styrerolle skal vere basert på behov for kompetanse i det respektive styre.

Møtestruktur:

Aktivitet	Innhald	Tid
«Review»/statusmøte	<ul style="list-style-type: none"> • Rapportering frå partnar i forhold til mål, strategi, handlingsplan og økonomi • Rapportering på total måloppnåing for programmet • Individuelle og fellesmøte med partnarane og Programkoordinator 	Pr kvartal
Idéfangst/informasjonsmøte	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang av idéfangst siste periode saman med inkubator • Informasjon om gjennomførte og planlagde aktivitetar 	Pr mnd

Fagmøte/kurs	<ul style="list-style-type: none"> • Deling av fagkunnskap og erfaring • Kurs internt eller eksternt 	1-2 pr halvår
Nettverksmøter regionalt/nasjonalt	<ul style="list-style-type: none"> • Deltaking på samlingar i nettverk i innovasjonsstruktur, næringshageprogram, med vidare. 	Etter aktivitet
SIVA program-utviklingssamtale	<ul style="list-style-type: none"> • Partnarskapen i fellesskap saman med SIVA 	Etter aktivitet

Bakgrunn for møtestruktur er at ein i fellesskap skal kunne utvikle ein felles kultur for prestasjon og erfaringsutveksling.

Partnarane er einige om å utvikle felles kommunikasjonsplan og materiell som støttar opp under innovasjonsmiljøet og framstår som eit fellesmiljø. Partnarane forpliktar seg til å vidareutvikle og dele dei verktøy, rutinar, malar, osv. som ein har i dag med mål om å sikre felles prosessar og arbeidsmåtar. Dette skal styrke strukturen og på ein god måte støtte kvarandre.

7 MÅLING OG STYRING

Dei avtalte måla som partnarane skal arbeide etter og som skal rapporterast på framgår av mål- og handlingsplan. Måltal og budsjett for 2019 skal utarbeidast og sendast til SIVA innan 1.12.2018.

8 VILKÅR FOR AVTALEN OG GJENNOMFØRING AV AVTALEN

Fylgjande vilkår gjeld for avtaLEN og gjennomføring av avtaLEN:

- ▶ Det vert etablert ny avtale for partnarskapen med SIVA, der partnarskapen i fellesskap er programoperatør og operatøransvaret blir styrt gjennom felles programkoordinator Kunnskapsparken. AvtaLEN skal godkjennast av styringsgruppa.
- ▶ AvtaLEN bygger på at Partnaren skal vere Programkoordinator sin føretrekte samarbeidspartner i Partnaren sitt naturlege nedslagsfelt.
- ▶ Partane skal ha anledning til å få innsyn dersom ein ynskjer dette i underliggende forretningsvilkår knytt til Partnarskapen om dette ikkje kjem i konflikt med konfidensialitet i andre avtalar.

Dersom ein skal gjere andre framtidige avtalar som påverkar denne avtaLEN skal dette informerast om mellom Partane, og dersom ein ser at det er vesentlege forhold som vil

påverke denne avtalen skal avtalen takast opp til drøfting, døme; dersom andre næringshagar ønskjer å bli ein del av partnarskapen.

- ▶ Det er eit vilkår for avtalen at Partnarane i fellesskap minimum får tilgang på ei fellesfinansiering/utvida grunnfinansiering dei neste 3 åra, til å utvikle Partnarskapen og handtere koordineringsrolla. Dersom dei økonomiske rammene ikkje er på eit tilstrekkeleg nivå vil det måtte drøftast innhald og leveranse i henhold til avtalen. Forventning til økonomiske rammer går fram av modell som er vedlagt avtalen (vedlegg 1).
- ▶ SIVA si analyse som grunnlag for tildeling av programstøtte vil vere avgjeraende for den økonomiske fordelinga og om denne avtalen er gjeldande. Dersom Partnaren gjennom analysen og tildeling ikkje er del av Programmet fell denne avtalen vekk.
- ▶ Partane skal sørge for framlegging og godkjenning av avtalen i sine respektive styrer før signering.

9 AVTALEPERIODE

Avtalen trer i kraft frå 01.01.2019 og varer fram til 31.12.2022 og vil bli fornya utan nærmere varsel med 1 år av gongen inntil den blir sagt opp. Oppseining av denne avtalen kan skje med 6 månaders oppseiingsfrist, og skal vere skriftleg. Kriteria for at ein må tre ut av avtalen er ved misleghald eller at finansiering fell bort.

Grunnlag for avtalen er SIVA sine program for næringshage og inkubator og ein skal gjennom avtalen arbeide i fellesskap for større programaktivitet for Partnarane. Dersom programaktiviteten fell bort, forsvinn det økonomiske grunnlaget for avtalen. Partnarane skal arbeide i fellesskap for å skape nytt økonomisk fundament for aktiviteten. Dersom det ikkje er grunnlag for dette, vert avtalen avslutta.

10 ANNA

Alle endringar av denne avtalen skal skje skriftleg (konsensus).

Det kan etablerast nye vedlegg til avtalen som partane er einige om og som blir oppdatert i vedleggsmatrise.



11 FORTRULEGHEIT OG KONFIDENSIALITET

Partane skal bevare tausheit om de forerulege opplysningar frå den andre part i løpet av samarbeidet. Forpliktsen gjelder all informasjon, opplysningar, data og know-how i dei dokumenter som er mottatt og/eller er gitt i anna form eller medium og enten er merka «konfidensielt» eller som ble opplyst om at var konfidensiell natur.

12 LOVVALG OG TVISTELØYSING

Avtalen skal vere underlagt og tolkast i samsvar med norsk rett.

Eventuelle tvistar som måtte springe ut av avtalen skal søkast løyst ved tingingar. Dersom slike tingingar ikkje fører til semje innan 21 dagar frå skriftlig krav om slike tingingar var sett fram kan kvar av Partane bringe tvisten inn for avgjerd ved de alminnelege domstolane. Ei rettsleg handsaming av tvistar skal bringast inn for Programoperatør sitt verneting.

Denne Avtale er utforda i 4 - fire - eksemplar, eitt til kvar av Partane.

Sogndal/Aurland/Stryn/Nordfjordeid 25.10.2018




Stryn Næringshage

Knut-Henning Hjellbakk
Dagleg leiar



Nordfjordeid Næringshage

Arne Roald Steinsvik
Styreleiar



Sognefjorden Næringshage

Kristine Grønner Ohnstad
Dagleg leiar



Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane

Kjetil Kvåle
Dagleg leiar

VEDLEGG:

Nr	Skildring	Gjeldande frå
Vedlegg 1	Modell/presentasjon for framtidig organisering av næringshageprogrammet i Sogn og Fjordane	25.10.2018